infobrosjyre2012_2011 15.11.11 15.15 Side 1




Grafisk design: DECOsign as

**Returadresse:**
Sommarlandfestivalen,
Gullbringvegen 34,
3800 Bø i Telemark

PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGA
P.P.
NORGE / NOREG

B

Velkommen til

# Sommarlandfestivalen

22. – 24. juni 2012
Bø i Telemark




## Musikkfestivalen for alle!



# Musikkfestivalen for alle!

## VELKOMMEN TIL SOMMARLANDFESTIVALEN 2012

### I 2012 arrangerar vi vår 22. festival på rad og inviterer til Sommarlandfestival helga 22. – 24. juni!

Sommarlandfestivalen ønskjer å vere ein møteplass for ulike musikkaktivitetar retta mot barn og ungdom. Du er velkommen til vår festival med laget ditt enten du spelar i korps, syng i kor, spelar i strykeorkester, band, spelemannslag eller i eit ensemble i kulturskulen!
Vår festival gjer deg høve til å oppleve både den musikkmønstringa ein musikkfestival skal vere og Bø Sommarland med sine varierte aktivitetar og tilbod.

Bø Sommarland er eit svært populært reisemål med vannland, magasuget, berg og dalbane i vatn, den populære surfebølga, stort symjebasseng, samt ein mengde andre aktivitetstilbod. Heimesida til Bø sommarland er: www.sommarland.no

**Korseminar Drillworkshop!**

**St.Hans-feiring med konsertar, dans og bål!**

**Gehørworkshop for blåsarar og slagverkarar med profesjonelle instruktørar!**

### Sommarlandfestivalen kan by på:

- Parade gjennom Bø sentrum fredag.
- Opning av festivalen på nye Bø Torg. Fellesnummer.
- Speleoppdrag i Sommarland laurdag og søndag.
- Foajékonsert i Gullbring kulturanlegg.
- Speleoppdrag på torget i Bø.
- Korseminar.
- Gehørseminar for blåsarar og slagverkerar.
- Kyrkjekonsert i Bø kyrkje.
- Spele på underhaldningskonsert i Gullbring kulturanlegg laurdagskvelden.
- St. Hans-feiring med konsertar, dans og bål!
- Speling på gudsteneste i Bø kyrkje.
- Drillworkshop i Sommarland søndag.
- Speleoppdrag på Bø sjukeheim.

**Fyll nøye ut påmeldingsslippen kva spele-/ songoppdrag laget ditt ønskjer å delta på.**

**Påmelding:**
Sommarlandfestivalen har plass til ca 2500 deltakarar, vi praktiserer "først til mølla"- prinsippet, send påmeldingsskjemaet i god tid og seinast 15.mars 2012.
Dei som melder seg på vil få tilbakemelding med ein gong vi har mottatt påmeldinga.

**Overnatting:**
Overnatting skjer på skule og studentheim. På studentheimane er det plass til 4 på kvart rom, 2 i senger og 2 på medbragt liggjeunderlag.

NB: Alle må ta med seg sovepose og liggjeunderlag. Dei som ligg på studentheim må ta med liggjeunderlag til minst halvparten av deltakarane.

**Festivalavgifta pr. deltakar:**
1100 kroner for overnatting på skule.
1300 kroner for overnatting på studentheim.
Avgifta inkluderar: overnatting og mat frå fredag kveld til søndag middag, tredagars billett til Sommarland, medalje og programhefte. Prisen er den samme for musikantar, leiarar og andre.
Eventuell ekstra overnatting (torsdag- fredag eller søndag til måndag) mot tillegg i prisen. Då må ein velje studentheim som alternativ.
Påmeldingsavgifta på 50,- pr.deltakar vert betalt som eit depositum og inngår i festivalavgifta. Denne vert ikkje refundert ved ei eventuell avmelding. Giroen vert tilsendt laga så snart plassen er reservert.

### PÅMELDING INNAN 15. MARS 2012 TIL:

Sommarlandfestivalen, Gullbringvegen 34, 3800 Bø i Telemark
Tlf: 97 50 84 83 – Fax: 35 05 92 29.
E-post: post@sommarlandfestivalen.no – Arrangør: Bø Kulturnettverk

**www.sommarlandfestivalen.no**

### Litt om nokre av speleoppdraga:

| | |
|---|---|
| Foajékonsert: | Konsert i Gullbring Kulturanlegg laurdag føremiddag. |
| Speleoppdrag i Bø Sommarland: | Uformelle konsertar på ulike stader i Sommarland laurdag og søndag. |
| Speleoppdrag på Bø torg: | Utekonsert i Bø sentrum laurdag føremiddag. |
| Korseminar: | Kordeltakarane samlast til eit stort felleskor. 3-4 fellesnummer øvast inn. Framføring på avslutningskonserten i Sommarland søndag. |
| Workshops: | -Tre timars gehørseminar med profesjonelle instruktørar. Seminaret er for blåsarar og slagverkarar. Begrensa plassar, først til mølla! Kun 10 frå kvart lag.<br>-Drillworkshop for drillarane søndag i Sommarland. |
| Kyrkjekonserten: | Konsertinnslaga må passe inn i kyrkjerommet, dette er dirigent/ musikalsk leiar sitt ansvar. |
| Underhaldnings-konsert: | Laurdag kveld i Gullbring. Arrangørane vil leggje vekt på å setje saman ein allsidig konsert som viser både bredda og kvaliteten i vår musikkfestival. Både lag, ensemble og solistar kan delta. |
| Gudstenenste: | Søndag kl.11 i Bø kyrkje. |
| Paraden: | er for alle deltakarane. |

Arrangørane vil så langt det er mogleg gje alle laga minimum 2 speleoppdrag under festivalen i tillegg til paraden. Påmelde lag vil tidleg på våren få melding om kva speleoppdrag dei er tildelt.

## Påmelding Sommarlandfestivalen 2012:

**Lagsnamn:** . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Kontaktperson: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . Mobil: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

E-post: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Adresse: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Postnummer: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . Stad: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Dirigent/musikalsk leiar: . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . Mobil . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

**Påmelde:** Gutar: . . . . . Jenter: . . . . . . Kvinner: . . . Menn: . . . . . . . . . Sum: . . . . . . . . . .

Overnatting: Skular (klasserom) ❑ Studentheimar(hyblar) ❑

**Vi ønskjer å delta på følgjande speleoppdrag:**

| Sett tal i prioritert rekkefølgje | Konsert/dag: | Om konserten: |
|---|---|---|
| | Speleoppdrag i Bø Sommarland<br>A)Laurdag føremiddag<br>B)Laurdag ettermiddag | Underhaldningskonsertar på ulike stader i parken med konferansier. |
| | Foajékonsert i Framstugo, Gullbring Kulturanlegg. Laurdag føremiddag. | Konsert med konferansier. |
| | Utekonsert ved torget i Bø. Laurdag føremiddag. | Konsert med konferansier. |
| | Korseminar! Laurdag på Bø skule | Korseminaret deltar på avslutnings-konserten i Sommarland søndag. |
| | Gehørseminar! Laurdag føremiddag. | Seminar for blåsarar og slag-verkarar. |
| | Speleoppdrag på institusjonar. Laurdag ettermiddag. | Konsert ute eller inne på Bø sjukeheim. |
| | Kyrkjekonsert. Laurdag ettermiddag. | I Bø kyrkje, med konferansier. |
| | Underhaldningskonsert. Laurdag kveld i Gullbring | Både lag, ensembler og solistar kan delta. |
| | Deltaking på gudsteneste. Søndag føremiddag. | Bø kyrkje |
| | Drillworkshop | Sommmarland søndag |
| | Speleoppdrag i Bø Sommarland. Søndag føremiddag. | Underhaldningskonsertar i parken med konferansier. |
| | Speleoppdrag på institusjonar. Søndag føremiddag. | Konsert ute eller inne på Bø Sjukeheim. |